



Statens vegvesen

Notat

Til: Styringsgruppa for Bymiljøpakken
Frå: Statens vegvesen, Region vest
Kopi:

Sakshandsamar/telefon:
Kristian Bauge / 55 51 63 37
Vår dato: 26.10.2018
Vår referanse:

Informasjon om bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy

Det vert vist til handsaminga av Prop. 87 S (2017–2018), der Stortinget har vedtatt at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy vert avvikla. Det er lagt opp til at eksisterande prosjekt kan innføre bompengavgift for nullutsleppskøyretøya som ligg mellom 0 og 50 pst. av den ordinære taksten, dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette.

Som ein del av oppfølginga av Prop. 87 S (2017–2018) har Statens vegvesen, Region vest informert det regionale bompengeselskapet Ferde AS om endringa i takstretninglinjene. Ferde AS har bede om at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i dei prosjekta og pakkane i regionen der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføre ein slik avgift.

Takst for nullutsleppskøyretøy

Oppheving av fritaket for nullutsleppskøyretøy medfører at kommunane og fylkeskommunen kan vedta kva for eit nivå bompengavgifta for nullutsleppskøyretøy skal ha innanfor intervallet 0–50 pst. av ordinær bompengetakst. Fylkestinget i Rogaland fatta følgjande vedtak 12.06.2018 i sak 18/11571, pkt. 5:

Fylkestinget viser til forslag i revidert statsbudsjett om å innføre halv takst for el-biler ved bompassering. Dersom dette blir vedtatt av stortinget vil det gjelda for alle bomprosjekt i Rogaland.

Vedtaket frå Rogaland er i tråd med det Stortinget har slutta seg til at kan leggast til grunn for nye bompengeprojekt. Det medfører at kommunane, innanfor ramma av dei fylkeskommunale vedtaka, kan velje om ein vil innføre bompengavgift for nullutsleppskøyretøy på 50 pst. av den rabatterte taksten for dei konvensjonelle køyretøya, eller om ein vil halde på 0 pst. i bompengetakst for nullutsleppskøyretøya, slik ordninga i praksis fungerer i dag, etter at Prop 87 S (2017–2018) vart vedteken.

Om kommunane vel å vedta eit anna takstnivå enn 50 pst. etter rabatt for nullutsleppskøyretøya vil det, slik SVV vurderer saka, krevje ny handsaming i fylkeskommunen.

Nye takstar

I Prop. 87 S (2017–2018) er det omtalt at det for nye bompengeprojekt i utgangspunktet skal leggast til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 skal ha 0 pst. av taksten for konvensjonelle

køyretøy, dersom det ikkje er fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna. Dei fylkeskommunale vedtaka spesifiserer ikkje om bompengavgift for nullutsleppskøyretøya gjeld alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1 (inntil 3500 kg). Statens vegvesen legg difor til grunn at det vert opp til kommunane å avgjere om avgifta skal gjelde alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1.

Statens vegvesen, Region vest sender i desse dagar informasjon til dei kommunane som har bompengeprojekt, med informasjon om bortfall av fritak for nullutsleppskøyretøy og moglegheita for å innføre bompengavgift for denne køyretøygruppa. For dei pakkane som har styringsgrupper vert informasjonen sendt til styringsgruppene.

Det vert presisert at innføring av bompengavgift for nullutsleppskøyretøy krev lokalpolitisk tilslutnad i kommunane i tillegg til vedtaket frå fylkeskommunen. Det vert lagt opp til at Statens vegvesen, Region vest sender sak til lokalpolitisk handsaming når/om styringsgruppa ønsker avgifta innført.